



SAKSHANDSAMAR
Hanne Merete R. Moldung
Ingeborg Magerøy

VÅR REF.
07/00094-6

DYKKAR REF.
16/4880-7

ARK. P - Plansaker
282-284 Luster kom. - SF

INNVALSTELEFON
+47 98 20 27 97

DYKKAR DATO
03.01.2017

VÅR DATO
02.02.2017

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Sogn og Fjordane fylkeskommune - Kulturavdelinga
Postboks 173
6801 Førde

Luster kommune, Dale sentrum - Kryss fv 545 - Detaljregulering - Offentlig ettersyn - Riksantikvarens kommentarar Dale / Dale sentrum - - 2. gangs offentlig ettersyn - Plan- og bygningsloven §§ 12-3 og 12-11

Vi syner til oversending av 3.1.2017. Vi viser vidare til vårt brev av 6.10.2011 med innspel til oppstartsmeldinga. Innspelet frå Riksantikvaren til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Dale sentrum, Luster kommune skal innarbeidast i Sogn og Fjordane fylkeskommune si fråsegn. Direktoratet sitt innspel gjeld det forvaltingsområdet der direktoratet har ansvar som fagmyndigheit, her Dale kyrkje og kyrkjegard frå mellomalderen, Askeladden id nr. 84013.

Arealet for parkeringsplass ved småbåthamna er utvida frå 1. til 2. gangs høyring. Avstanden frå arealet for parkeringsplass til kyrkjestaden er ca. 40 m.

Vi er kjent med at Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer å gå til motsegn mot arealformålet parkeringsplass SPA4 på bakgrunn av tap av kulturhistoriske verdier av omgjevnadane til prestegarden som følgje av utvidinga. Riksantikvaren støtter denne vurderinga, og vurderer det slik at Dale kyrkje og kyrkjegard frå mellomalderen inngår i eit samanhengande kulturmiljø med prestegarden, og området der det er planlagt parkeringsplass inngår som ein del av denne samanhengen som kyrkja inngår i.

Vi vil komme med innspel til føresegnene når handsaminga av motsegna er avgjort. Vi ber om å bli orientert om vidare saksgang.

Beste helsing

Hanne Merete R. Moldung (e.f.)
seniorrådgiver

Brevet er elektronisk godkjent